



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	20/494

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/20	Eldrerådet	PS	03.11.2020
107/20	Formannskapet	PS	24.11.2020
080/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

### Fastsetting av strukturen i dagopphald

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Fedje kommune har to tilbod under dagopphald. Mest kjent er dagaktivitetstilbod for heimebuande demente, den andre er dagopphald ved Fedje sjukeheim. Eigenandel for dagopphald vert fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet for eit år om gongen. Men det er ulik praksis i kommunane om kva som er eit dagopphald, kva må brukar betalar i tillegg og kva høyrar til under dagopphald. Per i dag betalar brukar eigenandel og får både middag og transport inkludert.

##### Vurdering

Denne saka skal belyse situasjonen og føre til ein ordning, likt for heile kommunen der det kjem tydeleg fram kva som ligg i dagopphald og kva som vert betalt av brukar.

##### Folkehelse

Personar med ulike utfordringar har behov for ein eller anna form for teneste. Eit dagopphald kan gi desse personar ein forbetring i livskvalitet i form av sosial samvær og aktivitet, samtidig som tenesteytarar kan observere brukar i ein anna setting og ta ein vurdering på funksjonsnivået.

##### Miljø

##### Økonomi

Per i dag er satsen for dagopphald på kr.90 for døgnet. I det ligg det middag og transport. Middag vert laga av sjukeheimskjøkkenet og koster kr.98 (foreslått auka til kr.101). Transport ligg på rundt kr.150. Denne ordninga førar til meir omkostningar enn gevinst for kommunen. Det er to alternativ for middagen. Det kan enten krevjast eit kosttillegg på kr.50 eller brukar betalar for middagen sjølv.

Dagopphald er óg ein økonomisk belastning for brukar som kan resultere i at tilbodet ikkje vert nytta av dei i låginntektshushald og brukarar som er meir isolerte og får dårlegare livskvalitet.

Personar som av helsemessige orsaker ikkje kan nyte seg av kollektivtransport eller eigen transport, kan søkje om TT-kort. TT-kort vert administrert av fylkeskommunen og skal støtte innunder brukarens behov for framkomst til ulike institusjonar, arrangement og andre. Ved bruk av TT-kort må brukar berre betale ein liten eigenandel.

#### Konklusjon

I dagopphald ligg alle aktivitetar og lett servering i form av drikke og mellommåltid. Det kjem eit



# Fedje kommune

kosttillegg på kr.50 for middagen. Brukar er sjølv ansvarleg for transport, men kan få hjelp av tenesteytar å få organisert det.

## **Forslag til vedtak:**

Frå 01.01.2021 vert strukturen på dagopphald fastsatt til:

I dagopphald ligg alle aktivitetar og lett servering i form av drikke og mellommåltid. Det kjem eit kosttillegg på kr.50 for middagen. Brukar er sjølv ansvarleg for transport, men kan få hjelp av tenesteytar til å få organisert det.

## **Eldrerådet - 019/20**

### **ELD - behandling:**

#### **ELD - vedtak:**

Frå 01.01.2021 vert strukturen på dagopphald fastsatt til:

I dagopphald ligg alle aktivitetar og lett servering i form av drikke og mellommåltid. Det kjem eit kosttillegg på kr.50 for middagen. Brukar er sjølv ansvarleg for transport, men kan få hjelp av tenesteytar til å få organisert det.

Samrøystes vedteke.

## **Formannskapet - 107/20**

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Frå 01.01.2021 vert strukturen på dagopphald fastsatt til:

I dagopphald ligg alle aktivitetar og lett servering i form av drikke og mellommåltid. Det kjem eit kosttillegg på kr.50 for middagen. Brukar er sjølv ansvarleg for transport, men kan få hjelp av tenesteytar til å få organisert det.

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 080/20**

### **K - behandling:**



# Fedje kommune

## **K - vedtak:**

Frå 01.01.2021 vert strukturen på dagopphald fastsatt til:

I dagopphald ligg alle aktivitetar og lett servering i form av drikke og mellommåltid. Det kjem eit kosttillegg på kr.50 for middagen. Brukar er sjølv ansvarleg for transport, men kan få hjelp av tenesteytar til å få organisert det.

Samrøystes vedteke.